

HELG

av Torvald Sund



URPREMIERE I TEATERKJELLEREN, TRØNDELAG TEATER 24. AUGUST 2011
TURNÉPREMIERE 14. SEPTEMBER I FOSNES



Kva ville du gjort om livsgrunnlaget ditt blei tatt ifrå deg? Margit og Bjørn er eit ektepar som kjempar på kvar sin kant. Men samstundes kjempar dei same kamp: Ein kamp for at det dei lever for ikkje skal forsvinne.

Dramatikar Torvald Sund har skreve eit nytt stykke som går føre seg i ei tid i endring: På midten av 60-talet forsvann silda. Ei næring som hadde gitt mat og arbeid til heile kystfolket i fleire hundre år. Saman med silda forsvann også mykje av livsgrunnlaget til dei mange familiane som levde langs kysten. Dei blei også nøydd å endre seg. Framtida til dei unge var ikkje lenger sikra, dei måtte tenkje nytt: Nye karrierar på nye stader. Kvinnene kunne ikkje lenger vere heime, utan silda var ikkje økonomien like sikker som tidligare.

Desse endringane er vanskelege for notbasen Bjørn. Han er moglegvis den beste notbasen i si tid. Han trur at om nokon skal finne silda att, så er det han. Difor forstår han ikkje kvifor Margit vil ta utdanning. Trur ho ikkje lenger at han er god nok til å finne silda? Og sonen deira, Benjamin, han vil ikkje ha noko med sildefiske å gjere. Margit må gjere noko så ikkje familien skal forsvinne saman med silda. Men korleis kan dei halde saman viss dei ikkje har noko å halde det saman med?

For fyrste gong i historia samarbeider dei tre største teatra i Midt-Noreg. Nord-Trøndelag Teater, Teatret Vårt i Molde og Trøndelag Teater har gått saman om produksjonen av *Helg*, som etter premiera på Trøndelag Teater skal turnere i alle tre fylka.

M.H.

TORVALD SUND

Torvald Sund er fødd i Råkvåg på Fosen, og er i dag busett på Levanger. Han har skrive 29 skjønnlitterære bøker og fått oppført 16 skodespel, mellom anna på Trøndelag Teater, Teatret Vårt og Nord-Trøndelag Teater. Monologen *Takoradi - En sjømanns historie* blei framført på Trøndelag Teater i 2006. Også den gongen var Hallbjørn Rønning med som skodespelar. Mange av Sunds skodespel er historiske spel som til dømes *Namsens Auge* i Grong, *Trua og saltet* på Vikna og *Raud vinter* på Levanger. Barnebøkene hans er omsette til mellom anna japansk, engelsk og sør-samisk - og for desse bøkene har han fått fleire litterære prisar. *Helg* kjem og i bokform frå 1. oktober.

LIV HEGE NYLUND

Regien på *Helg* er det Liv Hege Nylund som står for. Nylund er tilsett ved Nord-Trøndelag Teater som skodespelar og sceneinstruktør og har nett avslutta ein periode som teatersjef på same teater. I januar regisserte Nylund *Vinterreise - Vårdrøm* eit stykke som også gjesta Trøndelag Teater.

HENNING SOMMERRO

Sommerro (1952) er ein svært mykje brukt komponist og musikar. Han er i likskap med Sund knytta til Trøndelag og særskild Trondheim gjennom si utdanning og si tid som musikalsk leiar på Trøndelag Teater. Sommerro har skreve musikk til over hundre hørespel, filmar og teaterstykke og han har motteke spellemannsprisen tre gonger.



HELG

av Torvald Sund

Regi Liv Hege Nylund
Scenografi og kostymer Martin Linde
Musikk Henning Sommerro
Lysdesign Anniken Arnøy
Lyddesign Thomas Brosveet
Maskør Else Lisø

Inspisient / sufflør Randi Andersen Gafseth /
Thorunn Wikdahl
Espen Høyem

Rekvisitør
Tekniker turné
Nord-Trøndelag Simen Høy Aasheim
Foto fra prøvene GT Nergaard
Program Geir Schönberg
Ansvarlig utgiver Kristian Seltun

Medvirkende
Margit Wenche Strømdahl
Bjørn Hallbjørn Rønning

Musikken er innspilt i Trøndelag Teaters studio
Henning Sommerro (trekkspill) og Rolf Hoff Baltzersen (bass)

Kulisser og kostymer er produsert i Trøndelag Teaters verksteder
Fotografering og lydopptak under forestilling er ikke tillatt
Forestillingen varer ca. 1 time 15 min. og spilles uten pause



trondelagteater.no nordtrondelagteater.no teatretvart.no

DnBNOR

